

# **Historia om menneske, landskap og kultur**

Tankar om innhald for eit besøkssenter i Bremanger kommune

## **Bygge felles forståing for innhald i eit besøkssenter**

Dette notatet er eit forslag frå kultureininga, og handlar om mogleg innhald for eit besøkssenter i Bremanger kommune.

Føremålet med dette dokumentet er å etablere ei felles forståing for innhald i eit besøkssenter i kommunen. Plasseringa av senteret vil vi sjå på i neste omgang.

Prosjekt med tanke på eit senter i Bremanger kommune har vore fleire. Her kan ein nemne Vingensenteret og Industriminnemuseet SMELT. Engasjement og gode løysningar både til plassering og innhald har vore mange.

Basert på erfaringar og tidlegare arbeid med desse sentra, har vi landa på at Bremanger kommune på sikt, bør kunne ende med to sentre. På sikt vil ein sjå på eit museum eller besøkssenter knytt til industri, menneske og kultur. I denne omgang ser vi på eit besøkssenter for landskap, menneske og kultur.

I denne planen er eit besøkssenter tenkt som ein levande organisme, og ikkje eit gravmonument over ein svunnen tid.

Så kva er eit besøkssenter? Kor brei eller smal informasjon kan eller bør eit slikt senter innehalde? Eit besøkssenter i denne planen er avgrensa til å omhandla ein bygning ein kan gå inn i og som tar føre seg meir enn eit emne.

Vi føreslår tre punkt for innhald:

### **1. Eit besøkssenter som informere og legg til rette for aktivitetar basert på friluftsområde, naturen og kulturarven**

Kultureininga har tatt utgangspunkt i Miljødirektoratet sin definisjon av kva eit besøkssenter er:

“Autorserte besøkssenter skal gi alle som ønsker det, uavhengig bakgrunn og funksjonsevne, informasjon om naturen og kulturarven.”

Besøkssenteret skal ha lokal forankring og bidra til å utvikle lokalsamfunnet. Senteret skal fungere som møteplass og lede an i å utvikle samarbeid med lokalbefolking, frivillige lag og foreiningar og lokale næringslivsaktørar.

Sentrale målgruppe for senteret er norske og utanlandske reisande (til dømes cruiseturistar, bil- og aktivitetsturistar) lokale fastbuande (som til dømes næringsliv, familiær, pensjonistar) og skular.

## **2. Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse**

Eit naturleg utgangspunkt for eit besøkssenter i Bremanger kommune vil kunne vere Riksantikvaren sitt prosjekt om landskap av nasjonal interesse. Målet for kommunen kan vere å flytte interessene frå enkeltkulturminner og -kulturmiljøa til heile landskapet, og heile Bremanger kommune.

Det vil også vere naturleg å famne om det Regjeringa seier om kulturminne og kulturmiljø:

“Eit kulturminne er spora etter menneska som har levd før oss, deira liv og virke. Eit kulturmiljø er eit område der fleire kulturminne inngår i ein samanheng.”

Og her er vi rike!

Det er automatiskt freda kulturminne i kommunen, heilt tilbake frå eldre steinalder. Frå denne perioden er det spesielt mange funn i Skatestraumsområdet. På strekninga Botnane til Årebrot i Kinn er det vel 40 gravrøyser frå bronse- og jernalder. Frå jernalderen var det truleg busett folk i heile kommunen, noko dei mange funna datert til jernalderen vitnar om.

Dei eldste registrerte og omtalte bygningane i Bremanger er dei gamle kyrkjene i Davik, Rugsund, Ålfoten og Grotle. Rugsund handelsstad er verna etter kulturminnelova.

Av nyare tids kulturminne i kommunen kan nemnast sjøhusmiljøa i Kalvåg, Struen og Igland, Smørhamn handelstad, krigsminne (Tongane, Ospenes, Gottraneset) og bygningar knytte til industrireisinga i Svelgen og Ålfoten.

Det er også eit ynskje om å ta inn næring og nyare samhandling med naturen, som til dømes oppdrett, fisk og hjort. Råstoffutvinning kjem naturleg nok inn her. Bremanger kommune som samfunn i dag med eksport og spor vi ser i verda i dag. Her opplever vi at filmen “Svelgen - den globale bygda” er eit godt referansepunkt.

Bremanger kommune ønsker å syne mangfaldet i omgivnadane og historia vår. Her inngår også lokale tradisjonar, og immaterielle kulturarv som t.d. oppskrifter, myter og segner.

### **3. Geologi med trappetrinn for troll og naturmangfold.**

Når vi skal sjå på landskapet i Bremanger kommune som heilskap, må vi og peike på geologien og vår geologiske nasjonalarv. Naturmangfaldlovene seier “at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden.”

Norsk geologisk foreining vil mellom anna jobbe for å få Bremanger kommune med sin svært spesielle geologi med bla unike fjellhyller, treffande omtalt som “Trappetrinn for troll” av William Helland Hansen, få status som *Vår geologiske nasjonalarv* (GEO 05, 2009). Norsk geologisk foreining meiner å ha det klart innan eit år eller to. (Ref. Samtale med Terje Solbakk, 190225, i Norsk geologisk forening). Norsk geologisk foreining omtalar geoturisme som eit gruppe reisande som er svært aktuelle for Bremanger. <https://geoforskning.no/var-geologiske-naturarv/>

Det er 13 naturvernområde i kommunen, i tillegg til landskapsvernområda Vingen og Ålfotbreen. I tillegg vert det no vurdert landskapsvernområde eller eventuelt nasjonalpark rundt Hornelen (Statsforvaltaren i Vestland etter oppdrag frå Miljødirektoratet). Naturvernområda omfattar myrområde (Elddedalen, Storemyra i Ålfoten), skogvern (Sørdalen, Gaddeskogvatnet, Bugen), sjøfuglreservat (Skorpeholmane, Haukedalsholmane, Frøyskjera, Vengane, Tennøyane) og våtmark (Førdspollen). Det er fleire anadrome vassdrag (ferskvannsfisk som vandrar til havet på næringssøk og tilbake igjen) i kommunen (jf. [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)).

Kommunen gjennomført ei større kartlegging av biologisk mangfold i 2004 «Biologisk mangfold i

Bremanger kommune», Miljøfaglig Utredning rapport 2004:02. Gjennom arbeidet vart det påvist 94 verdifulle naturområde i Bremanger, og 39 raudelisteartar.

På Bremangerlandet og Frøya er det store areal av den utvalde naturtypen «Kystlynghei», jf. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no), spesielt er lokaliteten på Frøya, Førs og Svarstad vurdert å vere svært viktige.

Det er elles registrert fleire viktige og svært viktige naturtypar i kommunen, m.a sanddyne (Vetvika), ulike typar regnskog, gammal furuskog, rik edellauskog, sand- og grusstrand, nordvendte kystberg og blokkmark. I sjø er det registrert fleire svært viktige og viktige lokalitetar med ålegras og det er registrert fleire lokalitetar med blautbotnsområde i strandsona.

Det er behov for meir kunnskap, og systematisert kunnskap, om naturmangfaldet i kommunen, og kommunen ynskjer å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald.

[chrome-](#)

[extension://efaidnbmnnibpcajpcglclefindmkaj/https://bremanger.kommune.no/\\_f/p2/i1f53cfb5-4ebd-4915-9123-0f925e5f08e4/planomtale-vedteken-kst.pdf](https://efaidnbmnnibpcajpcglclefindmkaj/https://bremanger.kommune.no/_f/p2/i1f53cfb5-4ebd-4915-9123-0f925e5f08e4/planomtale-vedteken-kst.pdf)

Dette er innspelet til innhald i eit besøkssenter tilknytt menneske, naturen og landskapet. Det vil i hovudsak seie korleis menneska har levd i landskapet i pakt med naturen frå 5000 år sidan, og fram til i dag med moglege frampeik.

Å tydeleggjere breidda i tilbodet som ligg i eit besøkssenter for Bremanger kommune er eit ønske for det vidare arbeidet med innhaldet.

Målet er å forankre konseptet/innhaldet i det påtenkt besøkssenter strategisk og politisk innan utgangen av 2025.

*Helsing kultureininga april 2025*